

VEGEN VIDARE

fjordvegen.no

FJORDVEGEN – DIKTARVEGEN

diktarvegen.no

FRÅ JÆREN, GJENNOM RYFYLKE, HARDANGER OG VOSS, TIL SOGN OG SUNNFJORD

KORLEIS STYRKJER ME SAMHANDLINGA MELLOM REGIONANE?



Konferanse i Balestrand 8. og 9. april 2010

KVIKNES  HOTEL

Arrangør: Diktarvegen, IS Fjordvegen, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Lølandstiftinga, Haugestiftinga, Jakob Sande-selskapet og Sivlelaget

Støttespelarar: Kommunal- og regionaldepartementet, lokalaviser og sparebankar langs RV 13.

Fjordvegen er samferdsleåra som går frå Jæren gjennom Ryfylke, Hardanger, Sogn og Fjordane og til Sunnfjord. IS Fjordvegen og prosjektet Diktarvegen ynskjer å etablera Fjordvegen som ein spennande møteplass der ulike grupper kan møtast "på tvers" for å setja fokus på utvikling av kommunikasjonar, kultur, nærings- og reiseliv.

Med tanke på å styrkja denne arenaen blir det halde ein konferanse i Balestrand 8. og 9. april der me stiller spørsmålet:

Korleis styrkjer me samhandlinga mellom regionane?

Regionane langs Fjordvegen har felles tradisjonar og utfordringar som betre kan utviklast gjennom å løfta i lag.

IS Fjordvegen har som føremål å styrkja den viktige indre samferdsleåra på Vestlandet, og arbeider for at heile strekninga skal rustast opp til å bli ei god og sikker livsnerve for kommunane, næringslivet, og den enkelte innbyggjar i regionen den passerar. Kommunane, fylkeskommunane og representantar for organisasjons- og næringslivet står bak.

Ryggrada i Diktarvegprosjektet er forfattarane Jakob Sande, Per Sivle, Olav H. Hauge, Rasmus Løland og Arne Garborg som alle vart fødde og/eller budde nær der vegen går i dag. Målet er bruka denne grunnmuren til å samla det breie kulturtrykket regionane har utvikla gjennom generasjonar.

Diktarvegen er eit pilotprosjekt og det første i sitt slag i Noreg. Det var i Ulvik i april 2009 arbeidet med å etablera eit felles litteratur- og kulturnettverk med Fjordvegen som bindeledd starta.

Me vonar at samarbeidskonferansen VEGEN VIDARE i Balestrand 8. og 9. april skal leggja føringane for det vidare arbeidet med å utvikla denne satsinga langs Fjordvegen.

Aktuelle samarbeidspartar for vidareføringa er dei nasjonale forfattarorganisasjonane, reisemålsselskap / Fjord Norge, Nasjonale turistvegar, kommunane, fylkeskommunane og regionråda langs RV 13, Innovasjon Noreg og næringslivet.

Velkomen til Balestrand!

Konferansepris kr 1950,-

Pakke 1 Overnatting onsdag – fredag, med alle måltid frå middag onsdag – lunsj fredag: **kr 2950,-** pr person i enkeltrom

Pakke 2 Deltaking frå torsdag morgon til og med lunsj fredag: **kr 1950,-**

Pakke 3 Dagpakke med lunsj: **kr 450,-** pr dag

Påmelding til seminar@diktarvegen.no, faks **52790481**, eller telefon **52790480**

Frist for påmelding: **1. mars**

(Ved avmelding seinare enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.)

Torsdag 8. april

09.30

Opning v/ **Nils R. Sandal**, fylkesordfører i Sogn og Fjordane

09.35

Fjordvegen, turistvegen og diktarvegen; eit tidsbilete v/ **Frode Grytten**, forfattar

09.55

Vegen som knytter fjordlandskap saman – grunnlag for samhandling v/ **Harald H. Løland**, prosjektleiar IS Fjordvegen

10.10

Kommunikasjon er eit middel for å nå andre mål. – Kva rolle spelar den indre stamvegen RV 13? v/ **Magnhild Meltveit Kleppa**, samferdsleminister

10.40 FRÅ EIN ANNAN SYNSSTAD

Korte utfordringar (10 min)

- **Karl W. Strandvik**, Noregs Lastebileierforbund avd. Agder og Rogaland
- **Kristian B. Jørgensen**, adm dir i Fjord Norge
- **Jon Skjerdal**, medlem av styret i Balejazz og dagleg leiar i Nattjazz i Bergen
- **Arvid Andenæs**, adm dir Sparebanken Sogn og Fjordane

11.20 DEBATT

Innleiarane i bolken held fram i debatten

12.00 PAUSE

12.20

Kva rolle bør fylket ha for utviklinga av RV 13? v/ **Karin Helen Halle**, direktør NHO Sogn og Fjordane

12.40

Treng me ein rutevis plan for RV 13? Korleis kombinera ei moderne transportåre med å vera ei kulturåre? v/ **Olav Ellevset**, vegsjef Region Vest

13.00 DEBATT

- **Magne Audun Kloster (KrF)**, medlem av samferdsleutvalet i Rogaland
- **Einar Lutro (H)**, nestleiar av samferdsleutvalet i Hordaland
- **Nils R. Sandal**, fylkesordfører i Sogn og Fjordane
- **Karin Helen Halle**, direktør NHO Sogn og Fjordane
- **Magnus Skretting**, adm dir Marine Harvest Cold Water Marine Species

13.45 LUNSJ

14.40 KULTURINNSLAG

14.50

To bruer løyser av to ferjesamband (Brimnes-Bruravik og Sand-Ropeid) og nye knutepunkt (Bu og Lovraeidet) blir etablert. Korleis kan slike kommunikasjonsendringar påverka lokalsamfunna våre? v/ **Einar Schibevaag**, samfunnsplanleggjar

15.15

Det er ikkje sommaren, men vinteren som er utfordringa for bygdene langs RV 13. Kan bruken av konsesjonskraftmidlar styrkje og samordne tilboda til fastbuande og dermed dei reisande i distrikta våre? v/ **Randi Bårtvedt**, direktør Norsk Vasskraft og Industristadmuseum

15.45

Korte utfordringar (10 min)

- Diktarekspressen – bussrute mellom Jæren og Sunnfjord v/ **Per Arne Fisketjøn**, dagleg leiar i Suldal Billag
- Lokalavisa – ein samfunnsaktør? v/ **Ingrid Kløve-Graue**, disponent i avisa Hordaland
- Kan me koordinera og utvikla festivalane langs RV 13 til å bli ei festivalrute? v/ **Anne Grethe Bakke**, dagleg leiar ved Destinasjon Voss
- Konkurransetsetjing – frå samfunnsansvar til butikk v/ **Kristian B. Jørgensen**, adm dir i Fjord Norge

16.30 DEBATT

- **Janne Johnsen**, gruppeleiar for Høgre i Rogaland fylkeskommune
- **Representant for Fjord 1**
- **Jan Per Styve**, Strategi- og næringsdirektør i Hordaland fylkeskommune
- **Randi Bårtvedt**, direktør Norsk Vasskraft og Industristadmuseum

19.00 APERITIFF MED HISTORIA OM KUNSTEN, HOTELLET OG KEISAREN I BALESTRAND

20.00 MIDDAG MED INNSLAG FRÅ SIVLEPROGRAM

Fredag 9. april

09.00 KULTURINNSLAG

09.05

Utvikling av lokal kulturkapital startar med barna v/ **Johannes Stensgaard**, borgarmeister i Viborg kommune i Danmark til 2010

09.35 Å SATSE PÅ DET EIN HAR FØRESETNADAR FOR – KORLEIS LÆRE AV KVARANDRE TIL SUKSESS OG VEKST FOR REGIONANE VÅRE?

- Fjaler - bygda i verda og verda i bygda v/ **Arne Osland**, utviklingsdirektør ved United World College i Fjaler
- Litteraturfestival. Blir litteraturhus ei kraft for samhandling langs Diktarvegen? v/ **Marit Eikemo**, leiar, litteratursymposiet i Odda
- Eit moderne uttrykk i ein god tradisjon v/ **Siv Elise Seland**, dagleg leiar i iiS of Norway
- Turistvegen – ei sareptakrukke for Vestlandet? v/ **Bjørn Andresen**, prosjektleiar Nasjonale turistvegar

10.30 SAMTALEN

Korleis kan lokal kultur og tradisjon bli ein naturleg del av skulevardagen? Samtale: Journalist **Finn Tokvam**, forfattar **Olaug Nilssen** og forfattar **Inger Bråtveit**

11.20 PAUSE MED UTSJEKK

11.40

Fem regionar, tre fylke – strid og samhald, men står me sterkare saman? Kva kan regionane gjera for å stå opp mot storsamfunna? v/ **Frank H. Aarebrot**, professor ved Institutt for sammenliknende politikk

12.10

Er den raudgrøne regjeringa oppteken av regionane våre? Kan Fjordvegen – Diktarvegen vera arena for samhandling mellom styresmaktene og regionane? v/ **Magne Rommetveit (Ap)**, medlem av stortinget sin samferdslekomité med ansvar for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

DEBATT

- **Arve Helle**, ordfører i Fjaler
- **Helene Barkved**, Marine Harvest
- **Svenn Egil Finden**, marknadsdirektør Vik Ørsta AS
- **Ola O. Ingvaldstad**, gruppeleiar Frp Rogaland
- **Magne Rommetveit**, stortingsrepresentant

13.20

Vegen vidare, oppsummering v/ **Jan Øhlckers**, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane

13.30 LUNSJ